

# Prop. 1 S Tillegg 2

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2012

## Endringar av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2012 under Landbruks- og matdepartementet

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 4. november 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Etter at Prop. 1 S (2011-2012) blei lagt fram for Stortinget, har det komme nye anslag på kap. 1148 post 71 og kap. 1150 post 71. Over postane finansierer staten regelstyrte erstatningsordningar for natur- og avlingsskade. Begge postane er overslagsløyvingar.

Store nedbørsmengder kombinert med snøsmelting i pinsehelga førte til omfattande flom- og skredskadar i Gudbrandsdalen og nordlege delar av Østerdalen. Òg etter pinsehelga har store nedbørsmengder ført til naturskadar mange stader i landet, særleg i Oppland, Hedmark, Sør-Trøndelag og Buskerud. Dette har resultert i langt fleire meldingar om naturskadar som samla sett har eit betydeleg større skadeomfang enn eit gjennomsnittleg år, som forslaget til løyvinga på 88 mill. kroner i 2012 er basert på.

Vêrforholda førte òg til skadar på avlingane i det same området. Desse skadane gir grunnlag for utbetaling av erstatning for avlingsskadar over kap. 1150 post 71. I tillegg førte vedvarande store nedbørsmengder ut over sommaren og hausten til nye avlingsskadar i område som Akershus, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Østfold, Tele-

mark og delvis i Møre og Romsdal. I desse områda er det omfattande avlingsskadar, særleg på korn, men òg potet, grønsaker, frukt og bær er ramma. Samla gir dette betydeleg høgare utbetalinger over ordninga enn i eit normalår, som er utgangspunktet for løyvingsforslaget i Prop. 1 S på 40 mill. kroner.

Som følgje av skadar på avlingar forventes det òg auka import av matkorn. Regjeringa kjem tilbake til eventuelle endra anslag for tollinntekter i samband med revidert nasjonalbudsjett 2012.

### 2 Omtale av forslaga til endringar i statsbudsjettet for 2012

#### Kap 1148 Naturskade – erstatningar

##### *Post 71 Naturskade, erstatningar*

Det er forventa at mange av naturskadesakene vil kome til utbetaling i 2012. Ansvaret ved årsskiftet 2011/2012 er rekna ut til å bli på om lag 66 mill. kroner. Basert på føresetnaden om at 2012 elles blir eit gjennomsnittleg år med omsyn til naturskadar, har Statens landbruksforvaltning estimert eit løyvingsbehov på 150 mill. kroner og eit ansvar

ved utgangen av 2012 på 77 mill. kroner. På bakgrunn av dei nye tala foreslår departementet ei løyving for 2012 på 150 mill. kroner, mot 88 mill. kroner i Prop. 1 S, samt ei tilsegnfullmakt på 77 mill. kroner, mot 37,5 mill. kroner i Prop. 1 S.

utbetaling for avlingsskadar i 2012, basert på føresetnaden om at 2012 elles blir eit gjennomsnittleg år med omsyn til avlingsskadar og andre forhold som er omfatta av ordninga, vil ligge på totalt 70 mill. kroner. På bakgrunn av dei nye tala foreslår departementet ei løyving for 2012 på 70 mill. kroner, mot 40 mill. kroner i Prop. 1 S.

## **Kap 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.**

### *Post 71 Tilskott til erstatningar m.m.*

Det därlege veret i 2011 gjer det nødvendig å auke budsjettforslaget for erstatningar til avlingsskadar for 2012.

Statens landbruksforvaltning har, på grunnlag av anslag frå kommunar og fylke, anslått at samla

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av Prop. 1 S om statsbudsjettet 2012 under Landbruks- og matdepartementet.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2012 under Landbruks- og matdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2012  
under Landbruks- og matdepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2012 blir det løyvd under følgjande kapittel:

## Utgifter:

Kap.	Post	Kroner
1148	Naturskade – erstatningar	
71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i> .....	150 000 000
	mot tidlegare foreslått kr 88 000 000	
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.:	
71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> .....	70 000 000
	mot tidlegare foreslått kr 40 000 000	

*Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar*

## II

## Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2012 kan gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148	Naturskade – erstatningar		
71	Naturskade, erstatningar .....	77 mill. kroner	





Trykk A/S O. Fredr Arnesen. November 2011

241491